

Reguleringsplan for Kvambekk



del av 147/2
i Seljord kommune

PlanID:2021003



Fyresdal

Næringshage

3870 Fyresdal

Prosjekt – Nr.:

13221

Dato: 13.11.2023

Tittel Planomtale for reguleringsplan for Kvambekk del av 147 /2 i Seljord kommune		
Prosjekt Nr. 13221	Prosjektnamn Kvambekk	Sider 33
Prosjekttype Detaljplan for fritidsbustader		Dato 13.11.2023
Prosjektansvarleg Mona Gundersen	Kontaktperson oppdragsgivar Bjørn Arve Nordbø	
Ekstrakt Planforslaget har forslag om detaljregulering av totalt 74 nye tomter med vegtilkomst på delområde Kvambekkheii. Frå tidlegare er det 89 tomter i området, av desse er 3 ikkje bygd. Nye tomter er fordelt på to fortettingsområder og utvidingsområde.		

Innhold

1	Bakgrunn	4
2	Planstatus	5
3	Varsel av planarbeidet	6
4	Forutsetningar for planarbeidet	11
4.1.	Kartgrunnlag	11
4.2.	Krav frå Seljord kommune	12
5	Planomtale	13
5.1.	Generelt om arealet	13
5.1.1.	Landskap og vegetasjon	13
5.1.2.	Eksisterande bygg	13
5.1.3.	Veg og trafikktilhøve	13
5.1.4.	Grunnforhold	14
5.1.5.	Vatn	14
5.1.6.	Naturverdiar, biologisk mangfald	14
5.1.7.	Kulturminne	15
5.1.8.	Friluftsliv	15
5.1.9.	Skog- og landbruksinteresser	15
5.2.	Planløyisingar, vurderingar	16
5.2.1.	Hytteplassering og omfang	16
5.2.2.	Landskap og klimatilpassing	20
5.2.3.	Byggeskikk	22
5.2.4.	Tilkomst, planlagde vegar og parkering	23
5.2.5.	Omsynet til barn og unge	23
5.2.6.	Universell utforming	23
5.2.7.	Vatn, renovasjon og straum	23
5.2.8.	Friluftsliv	23
5.2.9.	Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8 - 12	24
6	Risiko og sårbarheit	26
6.1.	Metode	26
6.2.	Sjekkliste med hendingar, konsekvensar og tiltak	29
6.3.	Evaluering av risiko	31
6.4.	Konklusjon	32
7	Konsekvensar av planforslaget	33

1 Bakgrunn

Området rundt Kvambekk er utbygd med 87 hytter i dag, disse er bygd i tråd med reguleringsplan for området. Ved siste rullering av kommuneplanens arealdel for Seljord kommune vart det godkjent utviding av byggeområdet mot grensa til Vinje kommune. Grunneigar ønskjer nå å regulere for vidare utbygging i dette området. Planen vil omfatte noko fortetting i eksisterande planområde, samt regulering av nytt område.



Bilete 1: Rødt område er området for reguleringsplan Kvambekk


2 Planstatus

Seljord kommunens arealdel vart vedtatt 16.12.2021, i denne er området regulert til byggjeområde for fritidsbustader, nåverande BFR4 og BFR 5 og framtidig BFR5. Nåverande område er regulert i Reguleringsplan Kvambekk med planID: 08282000001.

Overordna planar og retningslinjer:

Nasjonale

- Statlige planretningslinjer for klima- og energiplanlegging og klimatilpassing (2018)
- Statlige planretningslinjer for samordnet bolig-, areal- og transportplanlegging (2014)
- Rikspolitiske retningslinjer for barn og planlegging (1995)
- Veileder: Reguleringsplan (2022)
- Rettleiar om planlegging av fritidsbustader (2022)



Bilete 2: Utsnitt, kommuneplanens arealdel, med reguleringsplan under.

3 Varsel av planarbeidet

AT skog har vore i dialog med Seljord kommune i forkant av arbeidet, oppstartsmøte blei halde 16.03.2022.

Naboar, Seljord kommune og regionale myndigheiter blei varsla 21.03.2022 med frist for innsending av innspel 30.04.2022. Planarbeidet blei i tillegg kunngjort i Vest Telemark Blad og på heimesida til Seljord kommune.

Følgande innspel har kome inn til planarbeidet:

Vestfold og Telemark fylkeskommune peikar på omsynet til born og unge og at deiers interesser må greiast ut i planen. Det er svært viktig at det blir lagt til rette for gode fellesareal for opphald, møteplassar og areal for lek og utfolding. Det må leggast særleg vekt på trafikksikre løysingar og gode gong- og sykkelløysingar. Eventuelle konfliktar med utmarksbeite må greiast ut. Krysset ved fylkesvegen må utbetrast slik at det blir i tråd med gjeldande handbøker, dette må gjerast før nye hytte blir tatt i bruk. Dei oppmodar om å ta inn reduksjon i klimagassutslepp og klimatilpassing (t.d. klimapåslag i Ros) som tema i reguleringsplanen. Dei ser det som positivt at ein ikkje ynskjer å tilby størst mogleg hytter på Kvambekk. Klimaomsyn bør inkluderast i reguleringsføresegnene. Dei meiner det leggast opp til hyttebygging på myr, og ser planforslaget å være i strid med fleire regionale og nasjonale retningslinjer. Dei forutsett difor at bygg og infrastruktur leggast utanfor område med myr. Dei har ikkje kunnskap om tidlegare registrerte automatisk freda kulturminne i området. Deiers kunnskap og vurdering av landskap og terreng tilseier at slike kan vere bevart, dei vil difor undersøke området. Dei minner om at framtidige bygg bør underrette seg området landskap, og utforming av nye bygg bør av den grunn ikkje virke sjenerande i landskapet. Dei ber om at inngrep gjerast på ein mest mogleg skånsam måte, slik at ein unngår unødvendige negative landskapseffekter. Motsegn vil bli vurdert om tiltak leggast på myr. *Kommentar: kap 5.1 og 5.2 beskriv området og planlagde tiltak, omsyn til friluftsliv og landskap. Det er ikkje lagt opp til tiltak i myrområde. Meldeplikta er innarbeid i føresegnene.*

Statsforvalteren i Vestfold og Telemark minner om at alle planar skal he ein risiko og sårbarheitsanalyse som syner alle risiko- og sårbarheitsforhold som har betydning for om arealet er eigna til utbyggingsformål , og eventuelle endringar i slike forhold som følgje av den planlagde utbygginga. Dei minner samstundes om at kommunen blant anna skal dimensjonere brann- og redningsberedskap og helseberedskap på grunnlag av risiko og sårbarheitsanalysar. Utbygging og fortetting av områder med fritidsbustader kan føre med seg både eit jamt og eit sesongbasert press på kommunale tenester og vil dessutan auke risikoen for uønskte hendingar (jmf skogbrann og pandemi). Den bakanforliggende

kapasiteten er derfor ein vesentleg faktor for samfunnstryggleiken i planområdet og bør synast i ROS - analysa. Det må gjennomgåande takast omsyn til forventa framtidige klimaendringar gjennom klimatilpassing av planar for utbygging. Ved planlegging av nye områder for utbygging/fortetting, skal det vurderast korleis det kan takast omsyn til eit endra klima. Det bør leggjast vekt på gode heilskaplege løysingar og å ta vare på økosystem og arealbruk med tyding for klimatilpassing. Ein må ta omsyn til behovet for opne vassvegar, overordna blågrøne strukturar og forsvarleg overvasshandtering. Å ta vare på, restaurere eller etablere naturbaserte løysingar (våtmarker, myr, bekker, grønne tak) bør vurderast. Før det kan akseptast ytterlegare utbygging i området må det leggjast fram dokumentasjon for at avløp frå utbygginga kan gjevast tilfredsstillande reinsing. Det må også gjerast greie for den noverande avløpssituasjonen i området slik at det ikkje er tvil om kva for hytter som er tilknytte dagens anlegg og ikkje. For dei hyttene som eventuelt ikkje er tilknytte må det gjerast greie for kva for avløpsløysingar som blir nytta og omfanget av desse. Dei peikar på at det er viktig å unngå nedbygging av myr. Dei tilrår at bygg og infrastruktur leggjast utanfor områder med myr. Bekker, vatn/tjern og naturlege vassvegar innafor planområdet bør takast vare på, av omsyn til naturmangfald og handtering av overvatn. Rundt bekkar og vatn bør det setjast av ei omsynssone for bevaring av kantvegetasjon. Dei rår til at det generelle byggeforbodet på 50 m som ligg i kommuneplanens arealdel blir halde. Dei minner om at prinsippa for forvaltning av naturverdiar i naturmangfaldslova §§ 8-12 skal leggjast til grunn. Omsynet til naturmangfaldet skal vege tungt i vurderinga av kva for ei løysing som blir vald. Dei har registrert at delar av området er kartlagt etter NiN-metodikken i juni 2021 og det er gjort funn av naturtypar som er på raudlista og er av nasjonal verdi. Dei legg til grunn at den vidare planlegginga tar omsyn til desse funna, slik at framtidig utbygging ikkje får negative konsekvensar for dei. Største delen av BFRF 5 er ikkje kartlagt med unntak av heilt i sør der det er registrert naturtypen boreal hei, som er ei naturtype av nasjonal interesse. Dei vurderer at det er sannsyn at denne naturtypen kan gå vidare inn i området BFRF 5. Dei føreset derfor at det blir gjort nye undersøkingar av naturmangfald i samband med utarbeiding av reguleringsplanen, og at det blir gjort etter NiN metodikken. Området ligg på grensa til høgfjellet og vil vere eksponert. Det er derfor viktig at det blir lagt vekt på at fritidsbustadene blir lagt godt i terrenget, og at vegframføring leggjast slik at det ikkje blir høge skjeringar og fyllingar. Slik at fjernverknaden av utbygginga blir så liten som mogleg. Det er i føresegnene til arealdelen sagt at reguleringsplanen må ta omsyn til eksisterande stiar. Det må takast omsyn til friluftsiinteressene i heile det varsla planområdet. Stiar og løyper må størst mogleg grad bevarast og dei må teiknast inn i plankartet. Påverknad på utmarksbeite må framgå av planen. Omsynet til støy må bli tilfredsstillande greidd ut og varetatt i samsvar med retningslinje for behandling av støy i arealplanlegging, inkl. i anleggsfasen. Dei minner og om at planen må ta omsyn til universell utforming, dvs. alle fellesanlegg skal i prinsippet ha god tilgjengelegheit for alle.

Kommentar: Det er utført NIN kartlegging i området som har ført til utviding av ei naturtype. Det er ikkje lagt opp til utbygging på myrareal. Eksisterande stiar og løyper er ivaretatt. ROS analyse følger planen, kap. 6. vatn og avløps plan følgjer planen. Kap 5.1 og 5.2 beskriv området og planlagde tiltak.

Noregs vassdrags og energidirektorat har eit generelt innspel som syner til deira rettleiings materiell og kompetanse.

Kommentar: innspelet er teke til vitande.

Mattilsynet kan ikkje sjå at eksisterande vassforsyning er registrert hos dei, det er derfor uklart korleis eksisterande vassforsyning og avløpssystem er bygd opp for 87 hytter. Kommunen har gitt råd om at vassforsyning må avklarast med mattilsynet. Dei vil fremme innsigelse dersom løysing for drikkevatt ikkje er tilstrekkeleg utgreia som felles løysingar og VA-plan manglar ved kommande høyring. Dei forventar og at eigarskap til vassforsyningssystemet fastsettast i reguleringsplanen. Dei forventar at:

1. Løysningar for drikkevatt er en del av infrastrukturen, og utbygger skal i tidleg planfase utvikle området og ta inn gode løysningar for drikkevatt, mest mogleg felles løysningar, med god kapasitet og med moglegheit for at alle nye abonnentar og aktivitetar skal kople seg til.
2. Anlegg bør dimensjonert slik at også eksisterande einingar og aktivitetar i området kan kople seg til felles løysningar på vatn og avløp.
3. Vi etterspør langsiktige løysningar gjennom VA-plan, bindande føresegner i reguleringsplan, og ein tydeleg organisering av drift og ansvar som sikrar at drikkevatt er i tråd med regelverkets krav.
4. Med rekkefølgekrav skal det sikrast at løysningar for drikkevatt er etablert før byggetillatelse blir gitt.
5. VA-plan skal følge reguleringsplanen på kommande høyring. Utgreiingane må vise at vassforsyninga har en reell moglegheit til å utvide og sikre trygt og tilstrekkeleg drikkevatt til alle nye einingar og aktivitetar innanfor området. Dersom oppgradering av leidningsnett også skal sikre slokkevatt må dette med i berekningane.
6. Detaljregulerings konsekvensar for eksisterande vassforsyning og løysningar for vatn og avløp må utgreiast.
7. Mattilsynet minner om at tiltakshavar, kommune og konsulentar i prosessen med planarbeid må vurdere hele området på Kvambekk/Kvambekkei som er tilrettelagt for fritidsbustader. Dersom det er tilgrensande hyttefelt må dette sjåast i samanheng, spesielt dersom det er spreidd avløp av enkeltvassforsyningar i dag. Mattilsynet ønsker å delta på møte for å få oversikt over tidlegare VA utbyggingar i området.

Utvidingar og endringar av eksisterande vassforsyningssystemer skal registrerast hos Mattilsynet og vesentlege endringar i vassforsyninga skal plangodkjennast etter søknad. Drikkevassforsyningar som består av fleire grunnvassbrønner må normalt sjåast på som eit samla vassforsyningssystem og må plangodkjennast etter § 18 i Drikkevassforskrifta.

Kommentar: innspelet er teke til vitande. VA-plan følgjer planen til handsaming

Vinje kommune peikar på at arealet som grensar inn mot området i Vinje er sett av til LNF-område i kommuneplanens arealdel. Heiområdet mellom Øy fjell og Kvambekk er nytta til beite for sau og storfe. Dei minner om at Vinje kommune har utvida bandtvang til 10. oktober og rår til at dette vert informert om ved for eksempel skilting. Ved tilrettelegging nær beiteområde er det viktig med informasjon og kanalisering av ferdsel.

Kommentar: innspelet er teke til vitande, Sti og løypenett er etablert frå området.

Renovest IKS har registrert planarbeidet, det har ingen innverknad på deiers aktivitet med omsyn på renovasjon.

Kommentar: innspelet er teke til vitande.

Øvre Kvambekk Vel ønsker at det eksisterande, veletablerte hyttefeltet, med adresse Øvre Kvambekk takast ut av det føreslegne planområdet. Dei meiner denne delen av området må sjåast på som ferdig utbygd, og ein bit for bit utbygging av LNF-areal ikkje bør akseptast. Dei nemner at det totalt er anslått ein stad mellom 40-60 nye hytter i eit orienteringsmøte med grunneigar og styret i Øvre Kvambekk Vel. I den eksisterande utbygginga er alle hyttene og infrastrukturen gjennomtenkt plassert i terrenget, dette er viktig å vidareføre når nye hytter planleggast. Det er viktig at stiar og løypetrasear behaldast. Hytteområdet ligg over tregrensa og det er heilt nødvendig at reguleringsutvidelsen tek omsyn til både topografi og turmoglegheiter. Det er viktig for etablerte hytter i området at eventuelt nye retningslinjer for avlaup ikkje blir gjeldande for dei etablerte hyttene, som har godkjente og velfungerande løysingar. Dei er mest bekymra for fortetting sør for Øvre Kvambekk 55 og at dette vil bryte med dagens regulering. På generell basis er dei bekymra for økt hytte tettheit og meir trafikk i området. For dagens hytteeigarar settast det stadig meir pris på dei korte turane i nærmiljøet. Fortetting mellom Øvre og Midtre Kvambekk vil ikkje kome i konflikt med dei opprinnelege hyttefelta. Det same gjeld utvidings område nordvest over. Dei meiner nødvendige konsekvens utgreiingar må utførast.

Kommentar: kommunen ønskjer ikkje og forhalde seg til mange planar i eit område, særskilt ikkje når dei overlappar, derfor inngår heile eksisterande planområde i ny plan. Stiar og skiløype er ivareteke i planen. Område er konsekvensutgreidd i kommuneplanen. Fortettingar byggjar på dei prinsippa som er etablert i området.

Ann Myhre (Øvre Kvambekk 57) ønsker ikkje fortetting i området sør for sin hytte. Hun nemner også at forlenginga av vegen til de siste hyttene i Øvre Kvambekk har ført til endringar i myrområdet vegen går forbi.

Kommentar: innspelet er teke til vitande.

Erik Lundby Bull-Hansen er generelt positiv til vidareutvikling, men det er viktig at karakteren til eksisterande hyttefelt ikkje øydeleggast. Nye felt som ligg skjerma frå eksisterande kan godt ha tettare mellom hyttene. Det er også viktig å sjå på moglegheit for skiløyper etc. i samband med utvikling. Løyper mot Rorge og Mjøltenuuten hadde vore flott.

Kommentar: innspelet er teke til vitande. Skiløypa er ivareteke.

Ånon Lognvik undrar på kva tiltak det er snakk om og ynskjer informasjon og oversikt før vidare handsaming. Han har eigedom som grensar til Kvambekk i Vinje kommune.

Kommentar: : innspelet er teke til vitande

Marit Røraas Har ingen innvendingar vedrørande varslinga, og kan ikkje sjå at omfattar deira hyttevel Søndre Kvambekk. Der ynskjer dei ikkje fortetting.

Kommentar: Søndre Kvambekk vil ikkje bli endra.

Knut Olav Rykkelid Stiller seg bak uttala frå Øvre Kvambekk Vel og håper den blir hensyntatt, og at grunneigars ynskje om å auke tal hytter kan dekkast utan å fortett sør for Øvre Kvambekk 55.

Kommentar: Viser til kommentar til innspel frå Øvre Kvambekk vel

Tore Christian Skobba ynskjer å få oversendt og bli gjort kjend med dei konsekvens utgreiingane som vart gjennomført i samband med rulleringa av arealdelen.

Kommentar: Informasjon er formidla

Sigurd Lindahl på det tidspunkt deira hytte vart bygd var området ferdig regulert. Dei ynskjer ikkje fortetting med nye hytter i nærområdet til si hytte (Søndre Kvambekk 27).

Kommentar: Dette område vil ikkje få endringar.

Kathrine Gjerde har ingen motførestillingar til planforslaget. Det er bra at det kommer fleire hytter for å dele på faste utgifter til veg og skiløyper.

Kommentar: innspelet er teke til vitande

4 Forutsetningar for planarbeidet

4.1. Kartgrunnlag

Kartgrunnlag som er nytta for området er FKB – data med 1 meter ekvidistanse.

Ortofoto er nytta som grunnlag i planarbeidet, samt innsynstjenester/WMS tenester:

- Artsdatabanken (www.artsdatabanken.no)
- Kilden, arealinformasjon (<https://kilden.nibio.no>)
- Miljødirektoratet, Naturbase (www.miljodirektoratet.no)
- Norges geologiske undersøkelse (www.ngu.no, Berggrunn, ..)
- Riksantikvaren (www.riksantikvaren.no),
- NVE (www.nve.no).


Plankartet er utarbeidd i digital form på SOSI- format.



Bilete 3: Utsnitt frå Norge i bilder med planområdet markert.

4.2. Krav frå Seljord kommune

Seljord kommunes føresegner og retningsliner for hyttebygging er forsøkt ivaretatt der dei er vurdert relevante for planarbeidet, samt lagt til grunn ved utforming av planomtale og reguleringsføresegner.



Bilete 4: Utvidingsdelen av planområdet sett frå nordvest, Eksisterande areal er bak toppen litt til vestre for midten av bildet. (Kommunekart i 3D)

5 Planomtale

5.1. Generelt om arealet

Planområdet ligg nord for Åmotsdalsvegen, fv 3422, mot grensa til Vinje kommune på Kvambekk. Det går ein privat fjellveg frå Kvambekk til Lognvik i Vinje. Planområdet grenser til denne i nord. I vest følgjer plangrensa høgdedraget litt nord for kommunegrensa på utvidings området, eksisterande plan følgjer kommunegrensa. I sør og aust følgjer plangrensa avgrensinga i kommuneplanens arealdel. Del området som ligg nede ved gardstunet vidareførast uendra, kunn med oppdatering til eksisterande situasjon og blir ikkje særskilt omtala i resten av dokumentet.

5.1.1. Landskap og vegetasjon

Planområdet ligg i landskapsregion dal- og fjellbygder i Telemark og Aust-Agder, Midt bygdene i Vest - Telemark.

Området strekker seg frå 875 moh til ca 980 moh. Fortettings- og utvidingsområda er hovudsakleg nordaust vendt. Landskapet er høgtliggande og relativt opent og har gode soltilhøve sommartid, litt meir avgrensa om vinteren. Eksisterande utbygging ligg i stor grad i areal klassifisera som skog (uproduktiv), medan utvidingsområda ligg på open fastmark (grunnlendt) med noko mindre vegetasjon i Kilden, Nibio. Skogen er også kategorisert som vernskog, vern mot fjell. Nokre område med fjell i dagen finst spreidd i området.

5.1.2. Eksisterande bygg

Innafor planområdet finst i dag totalt 87 hytter i hovudområde og 20 i det mindre delområde, utbygd etter gjeldande plan. Gjeldande plan inneheld også totalt 5 ledige tomter, 2 av dei i det minste området.

5.1.3. Veg og trafikktilhøve

Planområdet har tilkomst frå Fv3422 Åmotsdalsvegen via privat fjellveg Kvambekkheii. Den private vegen går vidare inn i Vinje kommune og skiftar namn til Fjellvegen, denne kjem ut på Fv 3410 Øyfjellvegen ved Lognvik. Avkøyring frå fylkesvegen dekker også vegane Myrbøenvegen og Sollidvegen som tek av frå Kvambekkheii. I tillegg til fast busetting finnast det hyttefelt langs begge desse vegane også. Det er stilt krav om utbetring av kryss med fylkesvegen før utskiljing av nye tomter, for at dette skal tilfredstille krav i gjeldande handbøker. Alle eksisterande hytter i området har vegadkomst i dag.

5.1.4. Grunnforhold


Berggrunnen består av metaryolitt, foliert, stadvis porfyrisk og /eller med flytestrukturar, metaignimbritt og metatuff, enkelte stader intermediære vulkanske bergartar. Hovud bergart er Ryolitt. Nokre mindre områder har Gabbro og amfibolitt. Lausmassane i området består i utvidings område og i nedre delar av morenemateriale i usamanhengande eller tynt dekke, områda lengts sørvest er kategorisert som bart fjell (ngu – kartinnsyn). I utvidings arealet er det under synfaring oppservert fjell i dagen fleire stader. Aktsamheitskart for radon syner kategori usikker i heile planområdet.

5.1.5. Vatn

Valeåi renn i kommunegrensa på vestsida av planområdet, delar av Øvre Kvambekk drenerer hit. Ein bekk startar vest for Midtre Kvambekk og renn austover mellom Midte og Søndre Kvambekk. Ein bekk renn ned Kvambekkdalen langs austsida av Kvambekkheii vegen og møter Grovåi ved Kvambekklonin. Det går eit vass skilje om lag mitt på utvidingsområde, den nordlege delen drenerer nordover til Tansåi som renn ut i Lognvikvatn i Vinje.

5.1.6. Naturverdiar, biologisk mangfald

Per 28.03.2023 er det i Miljødirektoratets naturbase fleire registreringar i området gjort i samband med ein større NiN kartlegging. Registreringane er naturtypar, blant anna Borealhei, kalkbjørkeskog og gamal granskog med gamle tre. Det er i tilknytning til naturtype gamalgranskog registrert arter av nasjonal forvaltningsinteresse, i all hovudsak er dette snakk om gubbeskjegg. Artsdatabanken har per 28.03.2023 registrering av dei sårbare fugleartane grønnfink og granmeis. Fleire av desse er knytt til kulturlandskapet og busetting. Elles er dei same registreringane av gubbeskjegg også og finne i artsdatabanken. Det finst ikkje MiS registreringar i planområdet. Eksisterande utbyggings område er del av eit større område som vart NiN kartlagt i 2021, det er i samband med reguleringsarbeidet utført ei supplerande kartlegging for utvidingsområdet. Denne kartlegginga førte til registrering som utvida naturtype boreal hei nordover i planområdet.



Bilete 5 kartutsnittet syner registrerte naturtypelokalitetar i planområdet.

5.1.7. Kulturminne

Vestfold og Telemark fylkeskommune undersøkte området 19.september 2022 og gjorde funn av 5 kullgroper. Funna er gjort langs den austre plangrensa. Tre i det sør austre hjørne av planen, to heilt i plangrensa i aust. Det er ikkje planlagt nye tiltak i denne delen av planområdet og ein vil derfor ikkje kome i konflikt med dei.

5.1.8. Friluftsliv

Moglegheitene for friluftsliv i området er mange. Det finnst både merka og umerka stiar i nærområdet. Det preparerast skiløyper i området av Kvambekkheia løypelag, løypene går både i skogsterreng og på snaufjellet. Moglegheit for både lange og korte rundar.

5.1.9. Skog- og landbruksinteresser

Skogen i området er i stor grad klassifisera som uproduktiv skog, nokre mindre parti heilt aust i området er låg bonitet skog. Etter at området vart tatt i bruk til hytteområde har beite med husdyr vorte redusert for å unngå konflikstar. Nokre beitedyr på streif kan førekome.

5.2. Planløysingar, vurderingar

5.2.1. Hytteplassering og omfang

Planforslaget har forslag om detaljregulering av totalt 74 nye tomter med vegtilkomst på delområde Kvambekkheii. Frå tidlegare er det 89 tomter i området, av desse er 3 ikkje bygd. Planområdet delområde Kvambekkheii er på ca. 1 157 daa. Delområde Haugerud er berre korrigert til dagens situasjon og er på totalt 191,2 daa.

<u>Bygningar og anlegg</u>	Kvambekkheii	Haugerud
Fritidsbustader	397,5 daa	71,2 daa
Skiløypetrase	47,5 daa	
Energianlegg	0,3 daa	
Vassforsyningsanlegg	1,0 daa	
Avlaupsanlegg	33,4 daa	
Renovasjonsanlegg	0,7 daa	
<u>Samferdsel og teknisk infrastruktur</u>		
Veg	46,1 daa	6,1 daa
Anna veggrunn, grøntareal	48,7 daa	7,6 daa
Parkering	2,4 daa	
<u>Grønstruktur</u>		
Turdrag	2,5 daa	
<u>Landbruks, natur og friluftsmål</u>		
LNF	294,7 daa	106,4 daa
Friluftsmål	276,1 daa	
<u>Bruk og vern av sjø og vassdrag</u>		
Bruk og vern av sjø og vassdrag	6,3 daa	


På delområde Kvambekkheii er 397,5 daa avsett til fritidsbustader av dette utgjer 102,9 daa dei nye tomtene. Nokre mindre justeringar av eksisterande plan er gjort der det ikkje var samsvar mellom plan og utbygging. To tomter i delområde Haugerud er etter dispensasjon flytta til Øvre Kvambekk og derfor tatt ut av planen der.

Planen har tomtegrenser, men føresegnene gjer moglegheit for mindre justeringar av desse.

Det er planlagt eit mindre fortettingsområde i tilknytning til Øvre Kvambekk. Område utgjør ein mindre rygg som strekkjer seg sørover mot Øykjetjønn, her er det planlagt fem tomter. På nordsida av «mastetoppen» er det planlagt eit fortettingsområde med avkøyring frå Kvambekkeheii, ved nr. 434. I dette området er det planlagt 21 tomter. Desse ligg i eit område som berre eit fåtal av eksisterande hytter har innsyn til. Resterande tomter er plassert lengst nordvest, i den delen av planområdet som er ein utviding frå tidlegare planområde. Det er her planlagt eit vegsystem som har ein avkøyring frå Kvambekkevegen og forgreinar seg ut i området. Det går ein avstikkar søraustover med eit par mindre forgreiningar, her er det totalt planlagt 16 tomter. I området er det bevart kantsoner rundt to vasspegel samt kantsone til ein mindre bekk. Eksisterande sti er regulert til turdrag i ein timeters korridor. Veggen mot vest/nordvest har fire forgreiningar og totalt 33 tomter. Alle tomter er lagt vekk frå fuktige områder og bratt terreng. Da utvidingsområde vart lagt inn i kommuneplanens arealdel vart det trekt vekk frå toppane i sør. Det gjer at dei ikkje er påverka av nye tomter og slik sett skjermar for silhuettverknad frå nye hytter. Eksisterande skiløype er i vareteke gjennom planområdet, med nokre justeringar for å unngå unødvendige vegkryssingar. Høgspenline som går gjennom området er regulert til faresone. Det er eit ynskje å få denne lagt i jordkabel.

Synlegheit

3D modell er utarbeid frå høgdedata med 1m koter avgrensa til eigedomsgrensa, det vil derfor mangle litt bakgrunn i utsnitt for nokre område. Norge i Bilder i 3D dekkjer alt terreng og syner all bakgrunn.



Bilete 6: utsnitt frå 3d modell og Norge i bilder 3D frå ryggen mot Øykjetjønn sett frå nord.

Bilete 6 med utsnitt frå 3D modell syner hyttene på ryggen mot Øykjetjønn sett ca frå Øvre Kvambekk 46. 3D modellen tar ikkje omsyn til vegetasjon, noko som vil verke skjermande på bygga. Det er ikkje så mykje vegetasjon i dette område, men litt i bakgrunn av hyttene og litt mellom eldre og planlagt busetting. Det vil vere frå dette område nord for planlagt ny busetting det vil vere mest synleg, lenger mot nordaust vil vegetasjon og ryggen som går parallelt skjerme dei nye hyttene.




Bilete 7: Utsnitt frå 3D modell av fortetningsområde nord for mastetoppen




Bilete 8: Utsnitt frå Norge i bilder 3D av område nord for mastetoppen

Bilete 7 og 8 syner utsnitt frå 3D modell og Norge i bilder 3D for området nord for mastetoppen sett frå ca. Kvambekkheii 434. Dette området vil berre vere dels synleg for eit fåtal av dei eksisterande hyttene lengst mot aust i den nordlege delen av Øvre Kvambekk området. Dette området har lite vegetasjon i form av tre og buskar, noko finnast i ytterkantane og langs nokre ryggar i området. Ein bør søke og ivareta mest mogleg av eksisterande tre i området.



Bilete 9: Utsnitt frå 3D modell av den austlege delen av utvidingsområde sett frå aust ca. avkøyring Øvre Kvambekk med litt høgde over terrenget.




Bilete 10: Utsnitt frå Norge i bilder 3D av den austlege delen av utvidingsområde sett frå aust ca. avkøyring Øvre Kvambekk med litt høgde over terrenget.

Utvidingsområde vil ha liten påverknad på eksisterande hytter, hytter på tomtene lengst aust kan bli dels synleg frå nokre få tomter nord i Øvre Kvambekk. Dei høgaste områda i sør er ikkje ein del av planområdet og vil derfor vere bakgrunn for utbygging og hindre silhuettverknad.



Bilete 11: Utsnitt frå 3D modell av den vestlege delen av utvidingsområde sett frå aust ca. planlagt avkøyring til området



Bilete 12: Utsnitt frå Norge i bilder 3D av den vestlege delen av utvidingsområde sett frå aust ca. avkøyring til området.


Området er mest kupert mot sør og litt rolegare i dei nedre og nordlege delane. Denne delen av planområdet har også lite trevegetasjon, noko buskar finst. Området er eit eige landskapsrom øvst i dalen som er omkransa av høgare område, og har relativt smale passasjer ut i aust og vest.

For heile området er det viktig at nye hytter får låg høgde og dempa fargebruk, for dempe det visuelle uttrykket.

5.2.2. Landskap og klimatilpassing

Planområdet ligg i ein mindre dal som skjer gjennom eit høgdedrag som strekker seg nord sør, mellom Kvambekk øvst i Åmotsdal og Øygarden i enden av Lognvikvatn i Vinje. Heile planområdet ligg på same


høgdelag, frå om lag 860 moh til 980 moh. Området ligg i overgangen mellom skog og fjell. Dei lågast liggande områda ligg lengst aust i området rundt vegane Søndre og Midtre Kvambekk. Området er småkupert med kuler og smådaler og enkelte opne myrparti i mellom. Fjell i dagen på toppane. Vegetasjonen er tettast mot aust og blir meir glissen vestover. Mye av terrenget rundt er høgare og skjermar for vær og vind. Mjøltenuten i vest, Rorgefjell i sørvest og Heidalsnutan i nord. Mot aust er det meir skogdekning som skjermar for vind frå aust. Dei delane av planområdet som nå skal fortettast og utvidast ligg opp mot dei høgast liggande partia. Dei største områda er nord nordaust vendt, men ligg såpass høgt i høve til omkring liggande terreng av solforholda likevel vil vere bra store delar av året.



Bilete 13: Utsnitt frå Høydedata.no, planområdet markert med blå ring

For desse områda vil det vere auke i ekstremnedbør som vil gje dei største klimaendringane. Planområdet ligg slik plassert i terrenget at det ikkje vil ta imot overflatevatn frå omkringliggende terreng. Den nordvestlegaste delen av planområdet drenerer mot nordvest. Planområdet har tynt dekke av lausmasser som gjer at avrenning vil gå relativt fort. Myrpartia som ligg spreitt i området vil fordryge

avrenninga noko, om dei ikkje er fulle når nedbør/smelting set i gang. Bilete 13, under ,syner at området ikkje tek i mot overflatevatn frå areal utafor planområdet i særleg grad. Verknaden av ekstremnedbør vil dermed vere gjeldande når nedbøren står på og avta raskt når det sluttar. Det må sikrast tilstrekkeleg med grøfter og stikkrenner med nok kapasitet, for at overflate vatn kan drenere ut av området utan å gjere skade.



Bilete 13: Nedbørsfelt for bekkane som renn ut av området, generert i Nevina.nve.no

Det leggst opp til føresegner som søker å bevare mest mogleg av naturen i området og avgrense nye tette flater til eit minimum. Det er og føresegner for å halde inngrep på eit minimums nivå for bygg på tomtene.

5.2.3. Byggeskikk

Reguleringsplanen følgjer opp føresegner gitt i kommuneplanens arealdel om å at bygningar skal utformast i samspel med karakteren til omgjevnadane, naturgitte forhold, kulturlandskapet og byggeskikken på staden. Det er utarbeida ein enkel 3D modell som gjer eit inntrykk av korleis tiltaka vil bli i landskapet.

5.2.4. Tilkomst, planlagde vegar og parkering

Planområdet har tilkomst frå fylkesveg 3422, Åmotdalsvegen, via privatveg Kvambekkheii. Denne avkøyring vil utbetrast i tråd med tilbakemelding frå Fylkeskommunen, følgt opp med rekkefølge føresegn. Kvambekkheii har betalingsløysing. Vegen har gjennomkøyring til Øyfjell, men primær tilkomst til hyttefeltet vil vere frå Kvambekk sida. Det er i dag tre avkøyringar til hyttefeltet frå denne vegen, Søndre, Midtre og Øvre Kvambekk. Det vil bli etablert to nye avkøyring i tråd med denne planen. Det leggst opp til at hytteeigedomane løyser parkering på eiga tomt. Parkeringsplass ved avkøyring til Øvre Kvambekk regulert i eksisterande plan vil bli vidareført. Denne kan nyttast som gjesteparkering.

5.2.5. Omsynet til barn og unge

Området er eit etablert hytteområde med mykje friareal rundt og i nærområdet til hyttene. Det er gode moglegheiter til frileik i variert terreng i området. Det finnes nokre merka og umerka stiar i nærområdet og om vinteren køyrast det opp skiløyper med moglegheit for både korte og lengre turar.

5.2.6. Universell utforming

I planområdet vil store delar av samlevegane ligge innanfor stigningskrav til universell utforming og gi tilgang til kortare turar i området. Kvambekkheii vegen held ikkje stigningskrav til universell utforming. Elles er området kupert og gjer tilgang utfordrande for dei med begrensingar til å kome seg rundt.

5.2.7. Vatn, renovasjon og straum

Eksisterande hytter i området har innlagt vatn og avløp til tette tankar for svartvatn og gråvassanlegg for gråvatn. Dette er bygd ut etter godkjent VA-plan som framleis vil gjelde for desse områda. Det er utarbeida ein ny VA-plan for nye utbyggingsområde. Denne har ingen klausul om å kople seg til felles avløpsanlegg om det blir utbygd for eksisterande hytter. Denne legg opp til å etablere drikkevassforsyning frå fjellbrønner med eit felles utjavningsbasseng i kvart delfelt eller hydrofortanker i kvar hytte for å unngå å bore for mange brønner. For avløpsanlegg anbefalast eit felles anlegg med reinsing og avløp til infiltrasjonsgrøfter. VA-plan følgjer reguleringsplanen og gjer utfyllande opplysningar.

5.2.8. Friluftsliv

Området har etablert skiløype og etablerte stiar i nærområdet. Elles er det store moglegheiter til å gå sine egne vegar i nærområdet. Avstanden til Rauland med ytterlegare tilbod er 30-40 min køyring unna, her er skiløyper alpinbakkar og turstiar.

5.2.9. Vurdering etter naturmangfaldlova §§ 8 - 12

§ 8 Kunnskapsgrunnlaget

Eksisterande kunnskap om naturmangfaldet i planområdet er omtalt i kapittel 5.1.6. Det er utført supplerande kartlegging i samband med utarbeiding av reguleringsplanen da eksisterande kartlegging ikkje var dekkande for utvidingsarealet. I kartutsnitt i bilete 5 er dei gulskraverte områda borealhei, dei grønne er kalk bjørkeskog og gammal granskog (helt i aust).

§ 9 Føre var - prinsippet

Kunnskapen i området er del av nyare kartleggingar og vurderast som tilstrekkeleg slik at føre-var prinsippet gjer seg lite gjeldande i dette område.

§ 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Meste parten av området er etablert som hytteområde i dag og registrerte naturtypar ligg inntil og delvis rundt nokre hytteeigedomar. Områda med naturtype Kalkbjørkeskog, gammalgranskog og høgstaudegranskog vil ikkje bli rørt av nye tiltak, sett bort frå eit mindre område med kalkbjørkeskog som er rørt av omlegging av skiløypa. Lokalitet Øygardsheii S3, mastetoppen, er registrering av Boreal hei av låg kvalitet, vil bli noko rørt i den nordre biten, ca 17 % av lokaliteten er regulert til fritidsbustader. Lokalitet Øykjetjønn Ø1 er boreal hei av moderat kvalitet med eit areal på 6 859 m², den er i sin heilheit regulert til område for fritidsbustader. Lokalitet Øygardsheii S1 er borealhei av moderat kvalitet i overgangen mellom eksisterande og ny del av planområdet, av denne er om lag 20% regulert til fritidsbustader. Tilleggskartlegginga er ein utviding av Øygardsheii S1, med eit areal på 124 072m². Av denne er om lag 54% regulert til utbyggingsformål. Ingen av naturtype områda har registreringar av artar på raudlista. Boreal hei er ein naturtype som er avhengig av menneskeleg påverknad i form av rydding av tre og kratt og beiting av husdyr for å oppretthaldast. Alle områda i planområdet er i tidleg gjenvækstfase. Beiting i området er ikkje lenger prioritert da området er avsett til hytteområde og ein ikkje ønskjer konflikt mellom hytteeigarar og husdyr. I området nord for planområdet rundt Heidalsnuten er det registrert store områder med boreal hei av høg og svært høg kvalitet, desse områda er også nytta som beiteområde, som vil vere med på å oppretthalde naturtypa. Områda som vil bli nytta til fritidsbustader har moderat kvalitet og er i tidleg attgroingsfase, det er heller ikkje registrert artar frå raudlista. Utan beitedyr vil attgroinga fortsette og kvaliteten på områda bli dårlegare.

§ 11 Kostnadene ved miljøforringing skal bærast av tiltakshavar

Planen legg opp til utbygging i sårbar naturtype med moderat til låg kvalitet. Tiltak i planen vil ikkje påverke artar frå raudlista. Saman med vurderingane etter § 10 vurderast § 11 slik at tiltaket ikkje vil føre med seg en slik skade på naturmangfaldet at vurdering av kostnader ved miljøforringing blir relevant.

§ 12 miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder

Tiltaket er ei fortetting og utviding av eksisterande utbyggingsområde, ein har derfor ikkje sett det som nødvendig å vurdere andre lokaliseringar av tiltaket. Tiltaket vurderast til å ha liten konsekvens for naturmangfaldet. Reguleringsplan har føresegner som skal halde inngrep på eit minimum, og at busettinga blir tilpassa landskapet.

6 Risiko og sårbarheit

Jmf. plan- og bygningsloven § 4-3 er det krav om risiko- og sårbarheitsanalysar (ROS –analysa) for arealplanar som legg til rette for utbygging. Omsyn til tryggleik og beredskap skal i medhald av plan- og bygningsloven vere ein integrert del av samfunnsplanlegginga. Analysen skal vise alle risiko- og sårbarheitsforhold som knytast til planområdet og eventuelle endringar som følgjer av planen eller tiltak som er heimla i den. Formålet med § 4-3 er å gi eit grunnlag for å førebygge risiko for skade og tap av liv, helse, miljø, viktig infrastruktur og andre materielle verdiar mv. Ved å kartlegge sannsyn og konsekvensar av uønskte hendingar, kan ein prioritere risikoområde og planlegge tiltak for å hindre dei eller redusere konsekvensen av dei dersom dei skulle oppstå. I utgangspunktet bør det unngåast å bruke areal som inneheld uønskt risiko og sårbarheit.

For nærare detaljar om planområdet og planen visast det til kap.5. i planomtalen. Her er området og karakteren av det omtala, samt tiltak som planleggast i reguleringsplanen.

6.1. Metode

Ein enkel analyse av risiko og sårbarheit er gjort for denne reguleringsplanen. Dette er ein skjematisk gjennomgang av moglege uønskte hendingar og kor stor risiko dei representerer. Basert på eigne vurderingar av kor sannsynleg hendinga er, kor store konsekvensar dei har, og årsak, blir tiltak vurdert for å hindre at dei skal oppstå eller for å redusere verknaden av dei.

Deltakarar i ROS – analysen:

- Planleggar Mona Gundersen

Analysearbeidet er delt inn i sju steg:

1. Kartlegge uønskte hendingar på bakgrunn av DSB sin vegleiar og kjennskap til reguleringsplanen.
2. Vurdere om hendingar er relevante for denne planen
3. Greie ut om årsaker til moglege hendingar
4. Vurdere kor sannsynleg det er at hendingane kan oppstå
5. Vurdere konsekvensar av hendingar, dersom dei oppstår
6. Vurdere risiko og gi kommentarar
7. Gi forslag til tiltak

Risiko uttrykker den fare som uønskte hendingar representerer for menneskjer, miljø, økonomiske verdiar og samfunnsviktige funksjoner. Risiko er eit resultat av **sannsyn** (frekvensen) for og konsekvensane av uønskte hendingar. **Sårbarheit** er eit uttrykk for eit systems evne til å fungere og

oppnå måla sine når systemet blir utsett for påkjenningar.

I **sjekklista** er det lista opp fleire moglege hendingar som både isolert sett og heilheitlig synleggjer risiko- og sårbarheit med omsyn til konsekvensar for og konsekvensar av planen. Forhold som er vurdert til ikkje å vere til stades kvitterast ut i eigen kolonne. Hendingar som kan påverke planområdet kommenterast i eigen kolonne. Sannsynlegheit, konsekvensar og risiko vurderast etter følgjande kriteriar:

Vurdering av **sannsyn** for hending er delt i:

- | | |
|-----------------------|--|
| 5. Svært sannsynleg: | Kontinuerleg |
| 4. Mykje sannsynleg: | Meir enn ein gong kvart år |
| 3. Sannsynleg: | Mellom ein gong kvart år og ein gong kvart 10.år |
| 2. Mindre sannsynleg: | Mellom eingong kvart 10. år og ein gong kvart 50. år |
| 1. Lite sannsynleg: | Mindre enn kvart 50. år |

Vurdering av **konsekvensar** av hendingar er delt i:

- | | |
|-------------------------------------|---|
| 1. Ubetydeleg: | Ingen person- eller miljøskadar |
| 2. Mindre alvorleg / ein viss fare: | Få / små person- eller miljøskadar |
| 3. Betydeleg / kritisk: | Sjukehusopphald, miljøskadar som krev tiltak |
| 4. Alvorleg / farleg: | Alvorleg person- eller miljøskadar |
| 5. Svært alvorleg / katastrofalt: | Personskade som medfører død eller varig mén, mange skadd, langvarige eller varige miljøskadar. |

Risikomatrise

Konsekvens:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg/en viss fare	3. Betydeleg/ kritisk	4. Alvorleg/farleg	5. Svært alvorleg/ katastrofalt
Sannsyn: 5. Svært sannsynleg/ kontinuerleg	5	10	15	20	25
4. Mykje sannsynleg/periodevis, lengre varigheit	4	8	12	16	20
3. Sannsynleg/ fleire enkelttilfelle	3	6	9	12	15
2. Mindre sannsynleg/ kjenner tilfelle	2	4	6	8	10
1. Lite sannsynleg/ingen tilfelle	1	2	3	4	5

- Hendingar i raude felt: Tiltak nødvendig, i utgangspunktet ikkje akseptabelt, evt. endringar i plan.
- Hendingar i gule felt: Tiltak må vurderast – eventuelt endringar i plan.
- Hendingar i grønne felt: Ikkje signifikant risiko, men risikoreduserande tiltak kan vurderast om dei skal gjennomførast.

Kilder:

NVE Atlas (<https://atlas.nve.no/Html5Viewer/index.html?viewer=nveatlas#>)

Naturbase frå Miljødirektoratet (<https://kart.naturbase.no/>)

Artskart frå Artsdatabanken (<https://artskart.artsdatabanken.no/>)

Kilden frå Nibio (<https://kilden.nibio.no/>)

Arealinformasjon frå NGU (http://geo.ngu.no/kart/arealis_mobil/)

6.2. Sjekkliste med hendingar, konsekvensar og tiltak

Hending/situasjon	Relevant	Årsak	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko og kommentar	Tiltak som reduserer risikonivået
Naturgitte tilhøve, er området utsett før eller kan planen medføre risiko for:						
1. Snø- eller steinskred	Nei					
2. Fare for utgliding	Nei					
3. Flaum	Nei					
4. Avrenning til bekker	Nei					
5. Er det radon i grunnen	Ja	Radon kan førekome,	1	3	Ingen målinger utført	Tek 17 stiller krav til radonsperre i alle nye bygg
Vær, vindeksponering						
6. Vindutsett	Nei					
7. Nedbørutsett	Ja	Klimaendringar	2	1	Ekstremnedbør	Infiltrasjon og grøfter
8. Kuldegrop	Nei					
Natur- og kulturområder, medfører planen/tiltaket fare for skade på:						
9. Sårbar flora/fauna/fisk/dyr	Nei					
10. Verneområder	Nei					
11. Vassdragsområder	Nei					
12. Kulturminner/miljø	Nei					
13. Naturressursar	Nei					
Infrastruktur, Strategiske område og funksjonar. Kan planen/tiltaket få konsekvensar for.						
14. Veg, bru, bane, knutepunkt	Nei					
15. Brann/politi/sivilforsvar	Nei					
16. Kraftforsyning	Nei					
Vil utilsikta/ukontrollerte hendingar, som kan inntreffe på nærliggande transportårer, utgjere ein risiko for området						
17. Hendingar på veg	Nei					
18. Hendingar på vatn/elv	Nei					
Er det innafor området spesielle farar forbundet med bruk av transport nett for gåande, syklande og kjørande						
19. Til ski/turløyper	Nei					
20. Til anlegg for friluftsføremål	Nei					
Brannberedskap/forureining						
21. Har område tilstrekkelig brannvannforsyning	Ja	Brann	2	3	Sløkketid ved evt brann, spreingsfare	
22. Berørast området av forureiningskjelder	Nei					

Hending/situasjon	Relevant	Årsak	Sannsynleg	Konsekvens	Risiko og kommentar	Tiltak som reduserer risikonivået
Tidligere bruk er området påverka /forureina frå tidligere verksemder						
23. Gruver, opne sjakter, steintippar, etc.	Nei					
24. Militære anlegg	Nei					
25. Industriverksemd, herunder avfallsdep.	Nei					
Ulovleg verksemd						
26. Sabotasje og terrorhandlingar	Nei					
27. Er tiltaket i seg sjølv eit sabotasjemål	Nei					
28. Finst det pot. sabotasje/terrormål i nærleiken.	Nei					
Omgjevnadane						
Kan planen medføre risiko (for omgjevnadane) m.h.t						
29. Fare for akutt forureining	Nei					
30. Forureining av grunn eller vassdrag	Ja	Planen opnar for innlagt vatn og avlaup	1	2	Eventuell brot på avløpsleidning kan gi forureining	sentrale forskrifter må følgast opp
Transport og trafikk tryggleik, er det risiko for:						
31. Uluke med farleg gods	Nei					
32. Kan vær/føre begrense tilgangen til området	Ja	Store nedbørsmengder som snø	2	2		
33. Er det risiko for ulukke i av-/påkøyring	Nei					
34. Uluke med gåande/syklende	Nei					
Andre risikopostar i omgjevnadane						
35. Er det regulerte vassmagasin i nærleiken, med fare for usikker is	Nei					
36. Er det regulerte vassmagasin i nærleiken, som kan føre til varierende vassføring i elveløp	Nei					
37. Finnes det naturlege terrengformasjonar som utgjer spesiell fare (stup etc.)	Nei					

6.3. Evaluering av risiko

Risiko kan definerast som en funksjon av kor sannsynleg ei hending er og konsekvensen av hendinga.

Risikonivået er delt inn i 3 klasser.

Låg	Akseptabel risiko
Moderat	Risiko bør vurderast med omsyn til aktuelle tiltak som kan redusere risiko
Høg	Uakseptabel risiko. Tiltak nødvendig for å redusere risiko til gul eller grøn

Konsekvens:	1. Ubetydeleg	2. Mindre alvorleg/en viss fare	3. Betydeleg/kritisk	4. Alvorleg/farleg	5. Svært alvorleg/katastrofalt
Sannsynlegheit:					
5. Svært sannsynleg/ kontinuerleg					
4. Mykjet sannsynleg/periodevis, lengre varigheit					
3. Sannsynleg/ fleire enkelttilfelle					
2. Mindre sannsynleg/ kjenner tilfelle	7	32			
1. Lite sannsynleg/ingen tilfelle		30	5, 21		

ROS analysen har ikkje avdekt moglegheiter for alvorlege hendingar innafør planområdet.

Ut frå samanhengen mellom sannsynlegheit og konsekvens er det konkludert med at det er låg risiko knytt til dei hendingane som er aktuelle i området.

Desse blir nærmare omtalt under. Elles er det ikkje funne særlege omsyn som må takast i forhold til risiko og sårbarheit.

5. Radon

Det er ikkje kjent radonførekomst i området, men det er likevel ikkje utenkeleg at det er radon i grunnen. Det er per dags dato ikkje kartlagt radonnivå i området. I radon Aktsomhetskart fra NGU ligg planområdet i moderat til låg aktsemdsgrad for radon.

Tiltak: I samband med byggesak skal TEK 17 sine krav til radonnivå i alle nye bygg med fast opphald for menneskje (§13-5) vere ivareteke ved at dette er dokumentert ved innsending av byggesøknad til kommunen.

7. Nedbørutsett

Klimaprofil for Telemark peikar på auke i kraftig nedbør og problem med overvatn som den største endringa i høve til klimaendringar. Ein kan derfor forvente at ein vil kunne få meir nedbør på kortare tid i området, som igjen vil føre til meir overvatn. Planområdet ligg slik plassert at det ikkje mottar overflatevatn frå omkringliggende terreng, det utgjør den øvste delen av sine nedbørfelt. Terrengforma gjer også at overflatevatnet drenerer ut til fire sidedebørfelt. Myrområde i planområdet kan verke drygande på avrenninga. På grunn av at område ikkje mottek vatn frå omkringliggende areal, vil verknaden av ekstremnedbør vere mindre enn lenger ned i nedbørfelt, og mengda overflatevatn vil avta fort når nedbør sluttar.

Tiltak: Det bør sørgast for at overflatevatn frå tak og andre tette flater infiltrerast på eigne tomter. Vegane må ha tilstrekkelege grøfter og stikkrenner, slik at overflatevatn har fri veg og ikkje stuvast opp og tek nye vegar.

21. Brannvannforsyning

Området har fleire borehol som vassforsyning til drikkevatt i dag, kapasitet i desse er ikkje kjent. Avstand til brannstasjon vil vere det største begrensande faktoren for området, privatinnsats vil vere avgjerande. Det er ikkje lagt opp til at ny drikkevassforsyning skal ha kapasitet som slokkevatn.

Tiltak: Nye tiltak innafor området skal skje i tråd med gjeldande lover og forskrifter. Det inneber også tryggleik m.o.t. brann.

30. Forureining av grunn eller vassdrag

Planen legg opp til at hyttene kan få innlagt vatn og kloakk. Vatn og avlaupsplan som utarbeidast for området legg føringar for dette i forhold til forureiningsforskrifta.

Tiltak: Vatn og avlaupsplan tar hand om tiltak i høve til forureiningsfare.

32. Kan vær/føre begrense tilgangen til området

Ekstremnedbør i form av snø kan føre til at tilgangen til området blir avgrensa i kortare periodar.

Tiltak: Brøyteberedskap, evt tilsyn/kontroll av belegg på hytter i ein ekstremsituasjon

6.4. Konklusjon

Planområdet byggjer vidare på tidlegare reguleringsplanar og godkjent byggeområde for fritidsbustader i kommuneplanens arealdel. Ein har ikkje avdekt risiko eller faremoment av ein slik grad at område eller delar av området ikkje kan byggast. Ekstremnedbør er den største risikoen i området. For nedbør som regn ligg området øvst i sine respektive nedbørfelt og risikoen for øydeleggingar som følgje av ekstremnedbør sjåast som liten. Elles vil brann i området vere ein fare for den aktuelle eininga, da avstand

mellom hyttene er så stor at spreiiingsfaren blir liten. Utrykkingstida til området vil vere så lang, at ned brenning truleg vil vere resultat ved ein brann.

Det finns ikkje radonmålingar i området. Etter byggereglane som blei innført frå 1. juli 2010, er det krav at om radonsperre i alle nye bygg.

Det konkluderast med at det er liten risiko knytt til dei aktuelle hendingane i området. Dei føremåla som er gitt i plankartet og i føresegnene som følgjer planen, samt at TEK 17 blir følgd opp i byggesaksbehandlinga, gjer at ein ikkje ser behov for spesielle tiltak knytt til planen.

Det er i innspel pekt på kapasitet i kommunal beredskap. Ei utbygging i området vil truleg gå over fleire år, slik at tilpassing av kommunalberedskap vil vere mogleg og etablere undervegs.

7 Konsekvensar av planforslaget

Planforslaget er i tråd med kommuneplan for Seljord. Planforslaget legg opptil ei utviding og fortetting av eksisterande hytteområde med 74 nye tomter. Tomtene er fordelt på tre områder, to fortettingsareal og utvidingsarealet. Alle einingar regulerast til høg standard. Det er forsøkt å plassere vegar og tomter på naturlege stader i terrenget for å redusere behovet for terrenginngrep. Føresegnene til planen skal vere med på å halde terrenginngrepa på eit minimum. Ein har ikkje lagt opp til tiltak som påverkar myrområde.

Tilgang til skiløype og stiar er lett tilgjengeleg frå alle tomter. Etablert skiløype er ivaretatt i planen.

Fyresdal 13.11.2023/19.01.2024

For AT Skog as

Mona Gundersen

Mona Gundersen

Areal- og utmarksplanlegger